




Tang i fjøra



NATURFAGSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NATURFAG I OPPLÆRINGA

Fleire atlas: naturfag.no/atlas



Illustrasjon: Rim Tusvik

Tidevatn er ei veksling i vasstanden. Den høgaste vasstanden kallast **flo** eller **høgvatn**, den lågaste vasstanden kallast **fjøre** eller **lågvatn**. Det området av stranda som blir avdekt når det er fjøre, kallar vi **fjøra**.

Illustrasjoner: Stein Mortensen

GRØNNALGAR

Vanleg tarmgrønske

- lys grøn og halvgjennomsiktig
- av lange, luftfykte tråder som ofte er bølgete i kanten
- veks høgt opp i fjøra, ofte i eller nær elveutløp og tilsig av ferskvatn



Vanleg grøndusk

- mørk grøn
- buskete med forgreina trådar
- veks på stein og berg i nedre til midtre del av fjøra under sagtang og grisetang



Havsalat

- grøn
- myk og gjennomskinneleg og minnar om vanleg salat
- veks i heile fjøra



BRUNALGER

Sauetang

- gulbrun
- buskete
- har ikkje luftblærer, men kan ha skotspissar som liknar når desse «hovnar» opp om sommaren og hausten (reproduksjonsorgan)
- veks øvst i fjøra



Kaurtang/spiraltang

- brun
- dei flate blada er ofte spiralvridde når dei tørkar ut ved lågvatn
- tydeleg midtribbe på blada som nedst går over i ein stilk
- liknar på blæretang, men er mindre og manglar luftblærer
- skotspissar «hovnar» opp om sommaren (reproduksjonsorgan, ikkje luftblærer)
- veks i øvre del av fjøra




Blæretang

- brun
- flate, breie blad med tydeleg markert midtribbe og parvise luftblærer som sit litt inne på blada
- dannar eitt nytt par luftblærer for kvart år
- skotspissar «hovnar» opp om sommaren (reproduksjonsorgan, ikkje luftblærer)
- vekst i midten av fjøra



Grisetang

- lys brun til olivengrøn
- avlange luftblærer som sit enkeltvis
- veks i to år før den første blæra blir danna, deretter blir det danna ei ny blære kvart år
- kan bli opptil 2 m lang
- veks i nedre del av fjøra



Sagtang

- brun
- flate, breie blad med tydeleg midtribbe og tagga kantar
- manglar luftblærer
- vekst nedst i fjøra

